

**Møte tysdag den 9. mai kl. 14.12**

President: Jon Lillestuen

Dagsorden (nr. 7):

1. Referat
2. Odelstingets vedtak til lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksem (offentleglova)  
(Besl. O. nr. 48 (2005-2006), jf. Innst. O. nr. 41 (2005-2006), Ot.prp. nr. 9 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 102 (2004-2005))
3. Odelstingets vedtak til lov om endringer i lov 19. juni 1931 nr. 18 om Aktieselskapet Vinmonopolet  
(Besl. O. nr. 49 (2005-2006), jf. Innst. O. nr. 42 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 42 (2005-2006))

*Val av setjesekretær*

**Presidenten:** Det er slik at ikkje nokon av dei valde sekretærane er til stades i møtet i dag, og då må vi velje ein setjesekretær for dette møtet. Presidenten vil gjere framlegg om Bård Hoksrud. – Andre forslag ligg ikkje føre, og Bård Hoksrud er samråystes vald som setjesekretær for Lagtingets møte i dag.

Saknr. 1

*Referat*

- (8) Stortingets presidentskap melder at dei innkalla vararepresentantane, Morten Ørsal Johansen, Stein

Knutsen, Siri A. Meling og Randi Sollie Denstad, er innvalde i Lagtinget for den tid dei møter for representantane Thore A. Nistad, Espen Johnsen, Finn Martin Vallernes og Ola Borten Moe.

Samr.: Vert lagt ved møteboka.

Saknr. 2

*Odelstingets vedtak til lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksem (offentleglova)* (Besl. O. nr. 48 (2005-2006), jf. Innst. O. nr. 41 (2005-2006), Ot.prp. nr. 9 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 102 (2004-2005))

**Presidenten:** Ingen har bedt om ordet.

Vedtaket i Odelstinget er dermed godteke av Lagtinget, og lovvedtaket vert i samsvar med Grunnlova å sende Kongen.

Saknr. 3

*Odelstingets vedtak til lov om endringer i lov 19. juni 1931 nr. 18 om Aktieselskapet Vinmonopolet* (Besl. O. nr. 49 (2005-2006), jf. Innst. O. nr. 42 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 42 (2005-2006))

**Presidenten:** Ingen har bedt om ordet.

Vedtaket i Odelstinget er dermed godteke av Lagtinget, og lovvedtaket vert i samsvar med Grunnlova å sende Kongen.

Møtet slutt kl. 14.14.